



Her gjer Ole Kristoffer og Einar alt klart for ferda over sundet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjøverts transport for firbeinte er ikkje så vanleg lenger, sjølv ikkje på Vestlandet. Difor var dette ei sjeldant syn på Sandakaien fredag føremiddag: Ole Kristoffer Vågen i ferd med å lasta om bord tre Jerseykalvar i båten sin for transport heim til Skorpo.

Difor var dette ei sjeldant syn på Sandakaien fredag føremiddag: Ole Kristoffer Vågen i ferd med å lasta om bord tre Jerseykalvar i båten sin for transport heim til Skorpo.

Han hadde hjelp av "cowboy" Einar Tvedt frå Omvikdalen, som forklara at dei tre firbeinte hadde vore på sommarbeite i Omvikdalen og no skulle heimatt.

- Han har freista å selja dei, utan å lukkast, fortalde Einar.

Av Ola Matti Mathisen